



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Pressemelding

Nr.: 133/04

Dato: 25.10.2004

Den kulturelle skulesekken i skuleåret 2004/2005:

Breitt kulturtilbod til barn og ungdom i Hordaland

Hordaland har fått vel 6,4 millionar kroner frå Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2004/2005. I Hordaland er det etablert eit allsidig kulturtilbod til elevane innan musikk, scenekunst, visuell kunst og kulturarv. Eitt av hovudmåla er å engasjera elevane gjennom eigenaktivitet.

Spesielle prosjekt:

I "Møte med biletkunstnar Kurt Johannessen" utfordrar han elevar og lærarar til å tenkje nytt kring biletkunst og visualisering av tekstar. Johannessen engasjerer elevane i dialog gjennom eit performancebasert møte.

I prosjektet "Du finn oss i naustet" får skuleborna møta kulturminne slik dei trer fram i notid. Elevar og lærarar skal inviterast til opplevingar og kunnskapsauke kring sjøbruk, naust, kai, og sjøen som ferdselsveg og knutepunkt. I haust har kulturminnegranskaren Arne Høyland med seg arkeologar og representantar frå Idretts- og friluftsliv i fylkeskommunen.

For meir informasjon kan du kontakta Marit Brendbekken, prosjektleiar DKS i Hordaland, tlf.: 55 23 99 76 eller epost marit.brendbekken@hordaland-f.kommune.no